



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Lene Stavseng, 55 57 21 22

Vår dato
12.12.2017
Dykkar dato
07.12.2017

Vår referanse
2016/16375 350
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Svar på lukking av avvik - Tilsynsrapport - Avvik nr 3 - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredkapsarbeidet i Meland kommune 2017

Vi viser til brev frå Meland kommune av 07.12.2017 med underlag for lukking av avvik 3 i tilsynsrapport per 24.01.2017.

Fylkesmannen reknar med dette avvik 3 som lukka, dvs. manglande system for opplæring og kompetansebygging.

Som skildra i vårt brev av 12.07.2017 er vi kjent med at Meland kommune er i prosess med å slå seg saman med Radøy og Lindås til nye Alver kommune. Vi har forståing for at det kan vere føremålstenleg å følge opp lukking av avvik i samanheng med samanslåingsprosessen. For Fylkesmannen er det i orden at det arbeidast med lukking av avvik 1, heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik og beredkapsarbeid, parallelt med kommunesamanslåinga. Vi ber likevel kommunen følge opp avviket snarast mogleg slik at lovpålagte krav blir ivareteke. Frist for lukking av avvik 1 var i sluttmøtet satt til 01.01.2018.

Når det gjeld avvik 2 har kommunen tidlegare gitt tilbakemelding om at dette avviket vil følgast opp innan avtalt tid. Vi minner om at fristen for avvik 2, høve knytt til beredkapsplan, er satt til 01.07.2018.

Fylkesmannen ønsker å følgje med i arbeidet og ber difor kommunen sende oss ein statusrapport på lukking av dei uteståande avvika snarast råd, seinast innan 01.04.2018.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Lene Stavseng
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.